

NORGES CYKLEFORBUND
Ringeriksveien 179
1339 VØYENENGA

Dato: 03.05.2018
Vår ref.: 2018/427-4
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Att. Stian Remme

Tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge 2018

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge. Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 25.04.2018, politisk sak 49/18, vedteke å tildele dykk 500 000 kr i tilskot.

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 15.02.2018 var det kome inn 2 søknader. Samla søkesum var kr 560 000. Det er totalt 500 000 kr til fordeling under Tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge i år. Ved avgjerda av dykkar sak har utval for kultur, idrett og regional utvikling lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Utvalet fann at dei vedtekne vilkåra for tildeling er oppfylte og at dykkar tiltak, etter ei samla vurdering, vert tilgodesett. **Forslag til vedtak om å tildele dykk 500 000 kr i tilskot vart samrøystes vedteke med føresetnad om dokumentert plan for gjennomføring, forankring i lokale sykkelklubbar og for rekruttering av skular utanfor Bergen.**

Individuell grunngjeving: Fylkesrådmannen er positiv til ei vidareføring og vidareutvikling av Alle barn sykler, som er eit program med gode resultat og god gjennomføringskraft og som er godt forankra i Bergen kommune. Hovudmålet med prosjektet er å skape tryggleik for born på sykkel. Tilbodet går ut til alle kommunane, og har god overføringsverdi.

Saka ligg vedlagt.

Utbetaling. Krav om elektronisk faktura i EHF-format.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF – format til Hordaland fylkeskommune
Elektronisk fakturaadresse: **9908:938626367**

Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2018/427-3

Ressursnummer: 12564

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilsagnet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader: Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med prosjektplan samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.) Tilsegnsmottakar skal gjennomføre rapportering/levere rekneskap samt medverke ved eventuell kontroll som nemnt under. Dersom tiltaket vert gjennomført med billettsal skal tilsegnsmottakar akseptera ordninga med følgjekort («ledsagerbevis») for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje. Om føresetnadene ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmesseg avkorta eller falle bort. Vi ber

om at Hordaland fylkeskommune vert gjort synleg som tilskottsmottakar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på <http://www.hordaland.no/logo>.

Rapportering

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt innan 15. desember 2018. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Skildre gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Informere om eventuell vidareføring.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskottsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

Brot på vilkår og føresetnadar

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

Klage/partsinnsyn

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans for vedtak knytt til midlar løyvd frå Hordaland fylkeskommune. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er tre veker frå søkar mottar melding om vedtaket. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.